

Hut tente dei friviljuge, men 25 til bør meld a seg

30.07.2006



Ein optimistisk Sveinung M. Pile foran medarbeidarfesten på Bøkerverkstaden laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

William Hut, bergensartisten med den mektige røysta og den klårt stigande formkurva, tente 50 av dei friviljuge til Festidalen på Bøkerverkstaden laurdagskvelden. Han ga ein stutt, men svært fengjande intimkonsert som ein lovande snakebete på kva vi kan vente oss til helga.

Før medarbeidarfesten hadde det meldt seg 80, men 25 til bør meld a seg før leiinga er tilfreds. Dei treng flest støttespelarar på laurdagskvelden. Arbeitsoppgåvene er mellom anna knytt til bar, vakthald, rigging, køyring, rydding og utsmykking.

- Vi har her ein fin sjanse til å profilera Uskedalen på ein positiv måte, som bygda der vi får ting til og noko positivt hender.

Det sa Sveinung M. Pile til **uskedalen.no** før han og resten av festival-leiinga lokka med reker – og Hut. Det var sin klokt, psykologisk trekk å halda medarbeidarfest på førehand – og ikkje etterpå.

Leiinga kan registrera at førehandssalet av biletta har vore veldig bra og betre enn venta utan at Pile kunne talfesta det på ståande fot. Men det møtte fram rundt 500 både i fjor og i forfjor, og i år er det naturleg å venta eit høgare tal.

Pile har også eit anna ynskje til uskedelingane: -Kom med sofagrupper, tepper og lampar som kan kastas etterpå. Dei skal brukast på området, slik at artistane kan slappa av i ei god atmosfære mellom slaga.

Konserten til Hut var svært lovande med tanke på kva tilhøyrarane her i vente til helga. I fjor vart han nominert til to Spellemannsprisar og no har singelen Take It Easy vorte bortimot ei landeplage. Den fekk nesten taket på Bøkkeren til å løfta seg laurdag.

Av Ola Matti Mathisen



William Hut er på veg oppover – han gav ei lovande smaksprøve i Uskedalen laurdagskvelden.